

KONSERT:

Jakob Sande-kveld

Om du likar Jakob Sande sine tekstar er onsdag 23. august ein dato å merka seg. Då inviterer Kilstraumen Brygge og Fred Ove Reksten til Jakob Sande-kveld. Reksten er kjend frå mellom anna Bergeners, og ein av dei kjende songane er Jenter frå Bergen. Med seg har han Finn Olsen på gitar. Finn Olsen, Rhythmic Six, og Fred Ove Reksten (Bergeners) har halde seks utselde Jakob Sande-kveldar i Bergen til stor jubel og ståande applaus. Konserten består av 20 tekstar av Jakob Sande til melodiar av Fred Ove Reksten. For eksempel er «Salme» av Jakob Sande blitt ein gjenganger i NRK dei siste 20 år med Fred Ove sin melodi.

KUNSTUTSTILLINGAR:

Fleire nye utstillingar

Galleri Alversund har laga «Pop-Up»-utstilling i sjøhuset til Helge Haugland i Kvamsvåg. Det er kunstnarane Mette Marei Træland og Eirik W. Astrup som stiller ut bilete, og lagar installasjonar. Galleriet opnar søndag 20. august, parallellt med lanseringa av boka til Arne Årseth om Kvamsvågen. Galleri Rustica har fleire utstillingar på gang i samband med Kystsogeveke. Det blir Kystsogeutstilling med maleri av Annfrid Leikvoll som opnar laurdag 26. august. Same dag opnar fotoutstillinga «Havet lever - havet lider» av utstillarane Laila Gangstad, Ingmar Hindenes, Karl-Erik Olsson, Jostein Vågenes med fleire. Denne står heilt fram til 17. september.

KULTURELT SAGT



Trommeslagaren vår, Espen Vågstol, er vel den som sykklar mest. Han er spinninginstruktor.

Bjørn Jensen i Ausekarane

Arne Årseth lanserer meir lokalhistorie

Kvamsvågen i ny bok

- Det er ikkje ofte at så små bygder får si eiga bok, seier fotograf og forfattar Arne Årseth.

TROND ROGER NYDAL
trond.nydal@nordhordland.no

Knarvik-fotografen er kjent for å gje ut bøker der lokalhistorie frå Nordhordland blir løfta fram. Denne gongen er det den vesle bygda Kvamsvågen si stolte historie som har fått plass mellom to permar.

- Det er ikkje ofte at så små bygder får si eiga bok. Den omhandlar Håland, Kvamme, Kvamsvåg og Indre Fosse, seier Arne Årseth.

Lanseringa blir søndag i det store Kleivdalshuset i Kvamsvåg, ein villa frå 1905. Det blir også kunstutstilling i sjøbua på eigedommen i regi Galleri Alversund. Pianist Rune Alver skal gje lanseringa eit musikalsk løft.



1950-TALET: Her er det familie frå Kleivdalslekta, saman med inngift tysk familie, som er på besøk i Kvamsvåg. Det er Ole Christian Christophersen og kusina Britt Christiansen, som sit på støtfangaren. Bildet er fotografert i svingen, akkurat ved innkøyrsla til huset. Årstalet er rundt 1950.

ALLE FOTO: FRÅ BOKA «KVAMSVÅG»



KJENDIS: Hans-Wilhelm Steinfeld har feriestad i Kvamsvåg og er med i boka.



EIGAR: Helge Haugland er no eigar av Kleivdalshuset i Kvamsvåg. Far hans var ein dyktig fotograf.

Sudoku

7	8	2	3				9	
			9	1	6			8
5				9	2			4
6	3		2			8	4	
				3		5		9
		4	7			6		
1			6			7		
2	5	8						3
4	6			8				

Lett

7	8				3		9	4
			4	6		2	3	
	4		8					
	2	9					6	
3				8				
				3	1		7	
	3			7			5	2
9					5	3		
				4				9

Vanskelig

pondus

